
Fra: Ola <ladroy@gmail.com>
Sendt: 9. november 2017 08:17
Til: Atle Vaage; Postmottak Lindås
Emne: Uttale frå Lindås Idrettsråd til sak om spelemidlar

Lindås Idrettsråd stillar seg i utgangspunkt positiv til fordelinga av spelemidlar slik det er lagt fram, men samstundes registrerar me at myke av aktiviteten foregår i Knarvik. Me vonar òg at kommunen ikkje tek av "nærmiljøpotten" til alle tiltaka som er planlagde i Karvikområdet, då dette er meint å brukast til å støtte initiativ i heile kommunen. Det me ikkje er nøgde med, er at me får dette til uttale berre eit par dagar før det skal opp i levekårsutvalet. LIR er ein organisasjon av frivillige, og me har ikkje høve til å samle medlemmane i styret til ein uttale på så kort tid. I samarbeidsavtalen med Lindås kommune er det sagt at Lindås Idrettsråd skal ha minimum to veker varsel, noko me ikkje har fått her. På grunn av dette har det ikkje lukkast å få ein samla uttale frå heile styret. Dette må Lindås Kommune bli bedre på.

Venleg helsing
Ola R. Jordal
Leiar i Lindås Idrettsråd